

## ETISKE RETNINGSLINER

### SARTOR & DRANGE AS



#### 1 VÅRE KJERNEVERDIAR

Sartor & Drange AS («SD») sine kjerneverdier er fundamentet for verksemda og våre tilsette. Kjerneverdiene skal styra korleis vi gjennomfører prosjekta våre, og korleis vi ter oss i møte med kundar, underentreprenørar, leverandørar og andre.

Våre kjerneverdier er:

- **PROFESJONELL**

Vi skal opptre etisk, og vi skal etterleva dei lover og reglar som til ei kvar tid er gjeldande. Vi skal gi gode råd, og arbeidet vårt skal utførast med høg kvalitet. Vi skal alltid vera profesjonelle andsynes kundar, underentreprenørar, leverandørar og andre.

- **INNOVATIV**

Vi skal vera løysingsorienterte, og er ikkje redde for å prøva nye metodar for å bli endå betre. Vi skal liggja i framkant når det gjeld teknologi, og vi skal dyrka og utvikla den kompetansen som er i selskapet.

- **EFFEKTIV**

Vi får arbeidet gjort effektivt – utan at det går på bekostning av HMS. Vi ser etter løysingar som er tids- og kostnadssparande, og vi planlegg utføringa for å sikra effektivitet og trygg utføring i alle ledd.

## 2 VÅRE TILSETTE

### 2.1 Helse, miljø og tryggleik (HMS)

SD skal arbeida på ein måte sin førebyggjer sjukdom, personskadar og ulukker, og vi skal ha eit trygt og sikkert arbeidsmiljø. SD har ein nullvisjon når det gjeld skader og ulukker under utføring av arbeid.

Alle har ansvar for å ikkje setja seg sjølv, eller andre, i situasjonar som kan innebera fare. Vi skal dela god praksis, og vi skal syta for tilfredsstillande opplæring av tilsette.

Vi skal ha eit godt og inspirerende arbeidsmiljø, der vi løftar og gir skryt til kvarandre.

Den som ser noko ein meiner er feil skal straks melda frå til næraste overordna eller andre med leiaransvar.

### 2.2 Likeverd, mangfald og inkludering

I SD skal alle møtast med høflegheit og respekt. Vi verdset mangfald, og det er null-toleranse for diskriminering, trakassering, mobbing eller trugsmål av noko slag.

Våre tilsette skal alltid møta andre med respekt, uavhengig av kjønn, nasjonalitet, hudfarge, religion, seksuell legning, politiske standpunkt eller anna. Vidare skal ingen utnytta eigen posisjon eller myndigheit andsynes kollegaer eller andre.

Vi har alle eit ansvar for å seia i frå om vi ser noko vi tenkjer ikkje er greitt.

### 2.3 Rusfri arbeidsplass

SD er ein rusfri arbeidsplass, og all bruk, oppbevaring og/eller omsetning av narkotiske stoffer er forbode.

I situasjonar der det er tilgang på alkohol, t.d. firmafestar, skal vi visa måtehald og opptre på ein slik måte at vi ikkje gjer skade på SD sitt omdøme.

### 3 VÅR FORRETNINGSPRAKSIS

#### 3.1 Korrupsjon m.m.

Korrupsjon inneber at ein person gir, krev eller mottak tilbod om ein utilbørleg fordel i samband med stilling, verv eller oppdrag for SD. Slike fordelar kan vera muting, tilretteleggingsbetaling, påverknadshandel og andre økonomiske og ikkje-økonomiske fordelar.

Korrupsjon er ulovleg, og er ikkje tillate i nokon form. SD følgjer alle lover og reglar på området, og vi ter oss profesjonelt, heiderleg og transparent i samsvar med våre kjerneverdier.

Alle tilsette, styremedlemmer og samarbeidspartnere pliktar å opptre i samsvar med alle lover og reglar på dette området. Er ein usikker på om eigne handlingar er innanfor regelverket skal ein spørja overordna. Vert ein merksam på forhold som kan tenkjast å koma i konflikt med dette punktet, skal ein straks melda frå til næraste leiar.

#### 3.2 Mishald og tjuveri

Mishald er bevisste, uheiderlege handlingar for å oppnå ein urettkomen og ulovleg fordel. Det omfattar både misbruk eller tjuveri av SDs eigedelar, samt ulovlege handlingar kring økonomi og rekneskap.

I SD skal alle te seg ærleg, heiderleg og med integritet. Vi tileignar oss aldri noko form for økonomisk fordel eller vinning gjennom ulovleg, uheiderleg eller uetisk åtferd frå korskje SD, kundar leverandørar eller andre samarbeidspartnere.

Vi skal beskytta selskapets eigedelar mot skade, tjuveri og misbruk, og passar på at desse vert brukt på ein forsvarleg måte til arbeid som er i samsvar med våre verdier og etiske retningslinjer.

#### 3.3 Interessekonflikter

SD respekterer tilsette sin rett til å forvalta private interesser og investeringar. Samstundes forventar vi at ein ter seg lojalt mot SD og selskapets interesser.

At tilsette og tillitsvalte engasjerer seg politisk, eller i andre roller og verv, ser vi som positivt. Det kan likevel oppstå situasjonar der private eller politiske interesser kan koma i konflikt med SDs interesser, noko som kan påverka evna til å fatta riktige avgjerder på vegne av SD.

SD ynskjer å unngå at det oppstår interessekonflikter, eller at andre kan oppfatta at slike konflikter ligg føre. For å unngå at det vert stilt spørsmål ved SDs habilitet eller integritet, skal kvar enkelt melda frå til næraste leiar dersom det oppstår situasjonar som kan medføre ei faktisk eller oppfatta interessekonflikt.

### 4 LEVERANDØRAR OG SAMARBEIDSPARTNERAR

#### 4.1 Krav til våre leverandørar og samarbeidspartnere

SD si åtferd skal kvila på tillit og openheit. Vi er avhengige av dyktige leverandørar og samarbeidspartnere, og vi skal vera rettferdige og respektfulle i møte med desse. Gjensidig respekt skal danna grunnlaget for vårt samarbeid med andre.

Samstundes forventar og krev vi at våre leverandørar og samarbeidspartnerar deler vårt syn på etikk, og at dei følgjer gjeldande lover og regelverk, respekterer menneskerettar, og etterlev våre etiske retningslinjer. Vidare forventar og krev vi at våre leverandørar og samarbeidspartnerar stiller dei same krava til sine leverandørar og samarbeidspartnerar.

#### 4.2 Respekt for konkurransereglar

Etterleving av konkurransereglar er sentralt for eit velfungerande samfunn. Alle som handlar på vegne av SD skal opptre i samsvar med konkurranserettslege lovar og reglar, og skal bidra til at vi konkurrerer på rett vis.

SD skal ikkje delta i samarbeid med konkurrentar om prisar, marknadssdelar, tilbod eller anna som kan vera i konflikt med konkurransereglar. Er ein i tvil om ein aktivitet kan vera i konflikt med konkurransereglane skal ein straks ta kontakt med næraste leiar. Det same gjeld om ein vert klar over slike regelbrot i SD eller hjå leverandør eller samarbeidspartner.

## 5 MENNESKERETTAR OG ARBEIDSFORHOLD

### 5.1 Menneskerettar

Respekt for menneskerettar, basert på FNs grunnprinsipp om forretningsverksemd og menneskerettar, ligg til grunn for alt vi gjer. Vi forventar det same frå alle våre leverandørar og samarbeidspartnerar.

### 5.2 Arbeidsforhold

I SD følgjer vi gjeldande lover og reglar. Vi tolerer ingen form for arbeidslivskriminalitet, og gjer vårt for å kjempa mot slikt. Alle tilsette i SD skal ha rettार, løn og vilkår i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande reglar. Vi sørgjer for at arbeidslivskriminalitet, som t.d. svart arbeid, barnearbeid, tvangsarbeid eller sosial dumping ikkje skjer hjå leverandørar eller samarbeidspartnerar.

SD støttar opp om ILOs utsegn om grunnleggjande rettार for arbeidstakarar, som m.a. omfattar organisasjonsfridom, kollektiv forhandlingsrett og tiltak mot diskriminering.

Vi forventar og krev det same frå alle våre leverandørar og samarbeidspartnerar.

Alle har eit ansvar for å melda frå til næraste leiar dersom ein vert merksam på forhold som kan utgjera arbeidslivskriminalitet eller brot på arbeidstakar sine rettार.

## 6 MILJØ OG SAMFUNNSANSVAR

### 6.1 Miljø og klima

SD skal ta val som er riktige for miljø og klima innafor dei rammer våre kontraktar gir oss. Vi skal nytta teknologi og materialar som reduserer miljøpåverknaden der dette er tenleg. Vurdering av risiko for miljøpåverknad skal inngå som del av prosjektgjennomføringa, og det skal implementerast tiltak for å hindra miljøskadar. Ved uhell skal dette handterast i samsvar med gjeldande regelverk og kontraktskrav.

SD skal oppmoda våre leverandørar og samarbeidspartnere til å velja miljøvenlege løysingar der dette er mogleg og tenleg.

Alle i SD skal ta ansvar for at vi leverer arbeida våre med lågast mogleg miljøpåverknad. Vi skal vera oppdatert på ny teknologi og materialar, og beste praksis for utføring. Alle skal handtera kjemikaliar, stoff og materialar i samsvar med produsentens tilrådingar. Vert ein merksam på miljømessige forhold ein meiner ikkje er godt nok handtert skal dette meldast til næraste leiar.

## 6.2 Samfunnsansvar

SD er oppteken av å ta sin del av samfunnsansvaret, og ynskjer å vera ein ressurs og samarbeidspartner for lokalsamfunnet.

Når mogleg og tenleg skal vi støtta opp om lokale aktørar og arrangement, t.d. gjennom «sponsing».

Vi skal ha fokus på morgondagens fagfolk gjennom aktiv deltaking i lærlingordningar, og vi forsøker å ha lærlingar til ei kvar tid.